



Møteinnkalling

Utval: FELLESNEMNDA

Møtestad: Kommunestyresalen - Leikanger kommune

Møtedato: 07.03.2019

Tid: 10:00 - 00:00

Eventuelt forfall skal meldast til telefon 57 62 96 00 - Varamedlemmar møter etter nærare avtale.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsaksnr.	Tittel
12/19	19/26-3	Fellesnemnda 2019 - Opning og konstituering
13/19	19/772-1	Nærings- og samfunnsutvikling i Nye Sogndal kommune
14/19	18/1986-2	Ekstra løyving for å utvikle Sogn som arbeidsplassregion
15/19	19/786-1	Politisk arbeidsgruppe - Økonomi og budsjettprosess
16/19	19/27-3	Skriv, meldingar, referat og drøftingssaker - Fellesnemnda 2019

Sogndal, 01.03.2018

Jarle Aarvoll
(leiar fellesnemnda)

Saksh.: Maj Britt Brendstuen
Arkivsak: 19/26

Arkiv: 033

Saksnr.: Utval
12/19 Fellesnemnda

Møtedato
07.03.2019

Sak 12/19
Fellesnemnda 2019 - Opning og konstituering

1.

A. Konstituering av møte:

- Møtet lovleg sett med 19 representantar til stades
Marit Mellingen (V) møter for Jon Hokon Odd (Ap)
Sindre Børsheim Ramung (Sp) møter for Cecilie Njøs Høgheim (Ap)
Hanna Menes (V) møter for Aud Kari Isane (Sv)
- Innkalling og sakliste - godkjenning
- Møteleiar: Jarle Aarvoll
- Ope møte
- Framlegg: Representantane Jarle Aarvoll, Frode Bøthun og Ivar Slinde vert valde til å underteikne møteprotokollen.

B. Protokoll frå møtet 24.01.19. Godkjenning

2. Spørsmål/interpellasjonar

3. Open spørjetime

Maj Britt Brendstuen
-politisk sekretær-

Saksh.: Arne Abrahamsen
Arkivsak: 19/772

Arkiv: U01

Saksnr.: Utval
13/19 Fellesnemnda

Møtedato
07.03.2019

Sak 13/19
Nærings- og samfunnsutvikling i Nye Sogndal kommune

Tilråding:

1. Nye Sogndal kommune skal vere ein motor i Vestland og skal satse tungt på utviklingsarbeid jamfør plattformdokumentet.
2. Fellesnemnda legg fylgjande prinsipielle føringar til grunn for samfunns- og næringsutviklingsarbeidet:
 - a. Kommunen skal drive eit heilskapleg samfunns- og næringsutviklingsarbeid forankra i kommunen sitt planverk, og særskilt i ein strategisk plan for samfunns- og næringsutvikling
 - b. Som hovudprinsipp skal samfunnsutviklingsarbeidet etablerast i den kommunale organisasjonen, og det næringsretta utviklingsarbeidet i Sogn Næring
 - c. Sogn Næring og nye Sogndal kommune skal etablere eit tett samarbeid, med faste møtepunkt og god informasjonsflyt mellom organisasjonane
 - d. Sogn Næring sitt arbeid skal vere tydeleg forankra i definerte handlingsplanar og mandat som føl bestillinga frå nye Sogndal kommune
 - e. Det skal etablerast ein samanhengande struktur for utviklingsmiljø i heile den nye kommunen, med utgangspunkt i FUS på Campus, Skaparstova i Balestrand, Vitensenteret på Kaupanger og Leikanger Næringshage
 - f. Ein stiller seg positiv til prosessen med å overføre den private eigarskapen i Sogn Næring til ei næringsforeining som har representasjon frå heile den nye kommunen
3. Det vert lagt til grunn eit vidare arbeid for å etablere samfunns- og næringsutviklingstenestene med desse føresetnadane:
 - a. Administrasjonen får fullmakt til å utarbeide ein konkret plan for det vidare arbeidet. Denne skal ligge til grunn for vidare rapportering til fellesnemnda om framdrift og resultat. Prosjektrådmann vil orientere fellesnemnda jamleg.
 - b. Administrasjonen må utarbeide eit grunnlag for budsjettbehov for det samla samfunns- og næringsutviklingsarbeidet i samsvar med den vedtekne planen for budsjettarbeidet.
 - c. Det skal utarbeidast ein strategisk plan for samfunns- og næringsutviklingsarbeidet basert på dei beskrivne satsingskandidatane, samt ein tilhøyrande årleg handlingsplan for 2020. Dette arbeidet må koordinerast med arbeidet med planstrategi for nye Sogndal.
 - d. Administrasjonen skal syte for god samordning mellom dei relevante lokale og regionale utviklingsstrukturane.

- e. Arbeidet må sikre at det er samsvar mellom ressursallokering og oppgaveporteføljen til Sogn Næring, slik at selskapet har høve til å vere fullt operative frå 1/1/20.

Vedlegg:

1. Strategiske satsingskandidatar – oversikt
2. Plattformdokumentet for nye Sogndal kommune

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Fellesnemnda bestemte i sitt møte den 24.01.2019 å starte arbeidet med å avklare den samla organiseringa av næringsarbeidet i nye Sogndal kommune. Saka bygger på vedteken administrativ organisering av nye Sogndal, som slær fast at Sogn Næring skal vere næringsapparatet for nye Sogndal, og at det skal opprettast ei tenesteeining for næring, samfunn, utvikling, som skal ta i vare nye Sogndal sitt heilskaplege utviklingsarbeid, inkludert landbruk og skogbruk.

Torgeir Skålid i Sogn Næring og Joakim Systaddal i Balestrand orienterte i fellesnemnda sitt møte den 24.01.2019 om status i næringsarbeidet i dag, og at ein alt er starta med å jobbe fram ei best mogeleg organisering av arbeidet i dei tre kommunane frå 2020. Det samla nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet har litt ulikt innhald og form i dei tre kommunane. Basert på dette vil ein gjennom 2019 arbeide fram ei ny felles arbeidsform i den nye kommunen som tek vidare og styrkar dei gode kvalitetane som ligg der frå før.

Nye Sogndal kommune – plattformdokumentet

I plattformdokumentet for nye Sogndal kommune er det sett av eit heilt punkt til samfunns- og næringsutvikling. Basert på innhaldet i dette punktet legg ein til grunn ei sterk satsing på dette området, og ei styrking av den totale innsatsen samanlikna med summen av dei tre enkeltstående kommunane. Innleiingsvis i punktet heiter det: «Kommunen skal vere ein motor for vekst og utvikling i regionen. Kommunen skal vere ein pådrivar for eit aktivt samarbeid med dei andre kommunane i Sogn innan utviklingsarbeid og tenesteproduksjon».

Dette set store krav til organiseringa av arbeidet, og vil krevje ein måte å jobbe på som bygger på beste praksis innan området, ikkje berre frå dei tre eksisterande kommunane, men også bygd på nasjonale erfaringar. Vidare peikar plattformdokumentet på sju underpunkt:

1. Samferdsle
2. Offentlege arbeidsplassar
3. Vidaregåande skular og høgre utdanning
4. Natur, miljø og klima
5. Næringsutvikling
6. Bustad- og tettstadutvikling
7. Kultur-, fritids- og aktivitetstilbod

Delpunktet om næringsutvikling er vidare poengtert med nokre konkrete underpunkt:

- Vere ein sterk utviklingsaktør som byggjer på dei aktiva området har
- Prioritere plankapasitet, areal og tilrettelegging for tomter til næring i heile kommunen

- Etablere kompetansestove i Balestrand for nyetableringar og felles kontorarbeidsplassar for pendlarar
- Utnytte dei styrka fagmiljøa innan kommunal forvaltning og tenesteyting til å styrke samfunnsutvikling/ -planlegging og næringsliv gjennom kompetansedeling, offentleg-privat samarbeid og innovasjon
- Satse på landbruk og næringsmiddelindustri

Plattformdokumentet stiller dermed store krav til den samla organiseringa. Sogn Næring løyser i dag næringsutviklingsoppgåver for Sogndal og Leikanger kommunar basert på overordna føringar i samfunnsdelen i kommuneplanen, dialog med politisk og administrativ leiing, og styret i selskapet sine prioriteringar. For å realisere ambisjonane som ligg til grunn i plattformdokumentet må Sogn Næring sitt mandat styrkast, og det må stillast større ressursar til rådvelde i samsvar med oppgåvene. Fleire av punkta i plattformdokumentet peikar også på ei utviklingsorientert kommunal forvaltningsverksemd, som i stor grad har fokus på samfunns- og næringsutvikling i utøvinga av sitt virke. Det vil difor vere ein kritisk suksessfaktor å skape gode relasjonar og arbeidsdelingar mellom Sogn Næring som næringssselskap og administrasjonen i nye Sogndal kommune.

Vedteken organisering per 2019

Nye Sogndal kommune vedtok i desember 2018 den administrative organiseringa etter ein brei involvering av tilsette og andre interessentar. Her peikar ein på avdeling for plan og samfunn, der kommunalsjefen har ansvar for fem tenesteeiningar som alle har relasjonar til arbeidet med samfunns- og næringsutvikling:

- Plan og forvaltning
- Samfunn, næring, utvikling
- Kommunalteknikk, FDV
- NAV
- Kultur

Tenesteeining for samfunn, næring og utvikling vil ha særleg mange oppgåver knytt til arbeidet med å vere ein utviklingsorientert kommuneorganisasjon. Ei rekkje av punkta i plattformdokumenta peikar på viktige satsingsområde for dette tenesteområdet, og understrekar også behovet for at den koordinerande og pro-aktive rolla vert plassert i denne tenesteeininga. I utkastet til administrativ organisering peikar styringsgruppa på dette behovet, samt å sikre dei gode koplingane mellom Sogn Næring som næringsapparat og dei ulike delane av den kommunale forvaltninga.

Sogn Næring er organisert som eit aksjeselskap, eigd av Sogndal kommune og nokre einskildverksemdar i Sogndal. I arbeidet med administrativ organisering vart det slått fast at «*Sogn Næring held fram som kommunen sitt næringsapparat (...)*». Selskapet løyser i dag kommunal førstelinjeteneste for næring, forvaltning av kommunalt næringsfond og ansvaret for å bidra til vekst og utvikling i eksisterande næringsliv. Desse rollene har ein både for Sogndal og Leikanger kommunar. I tillegg har selskapet engasjement i prosjekt og oppdrag frå næringslivet, og konkrete prosjektbestillingar frå kommunane. Dette vil bli vidareført for heile nye Sogndal frå 1.1.2020. I tillegg vil det truleg vere behov for å styrke selskapet og tilføre fleire oppgåver for å svare på føringane i plattformdokumentet.

Rapport om næringsarbeid, nye Sogndal

I desember 2017 leverte Sogn Næring sin rapport om næringsarbeidet i nye Sogndal på oppdrag frå fellesnemnda. I denne rapporten vurderte ein ulike måtar å organisere

næringsarbeidet på, og sa noko om vegen fram til at den nye organiseringa skal tre i kraft. I tillegg samla ein inn informasjon og data om næringslivet og næringsarbeidet per 2017, og gjeldande planverk i dei tre kommunane. I denne rapporten peika ein på fleire viktige moment i dette arbeidet. Punkt 1 i tilrådinga om organisering fram til 2020 seier dette:

«Sogn Næring, Leikanger kommune og Balestrand kommune set i gang prosjektet «Næringsvenleg region» saman med kommunane i Sogn som ynskjer å delta. Målet er å få gjort ei grundig kartlegging av det totale verkemiddelapparatet, vurdere om det er grunnlag for å vidareutvikle dagens organisering av arbeidet, og jobbe fram gode strategiar for næringsutvikling i det aktuelle området. Prosessen skal ta høgde for at Balestrand, Leikanger og Sogndal skal bli ein kommune 01.01.2020 og at samansmelting av næringsarbeid i dei tre kommunane må få plass i prosessen.»

Arbeidet med «Næringsvenleg region» er seinare justert og endra i tråd med politiske vedtak i dei tre kommunane og fellesnemnda, der nye Sogndal no er deltakar i staden for dei tre eksisterande kommunane. I tillegg til nye Sogndal er kommunane Vik, Lærdal og Luster med i dette arbeidet. Arbeidet vart starta i februar 2019, og vil bli gjennomført i løpet av første halvår. I dette arbeidet vil ein også avdekke om det er potensiale for eit sterkare regionalt samarbeid, særleg rundt oppgåvene som ligg til Sogn Næring. Denne prosessen vert gjennomført parallelt med organiseringa av nye Sogndal sitt arbeid, slik at dei moglege synergiane vert innarbeidd i nye Sogndal sitt totalt næringsapparat etter kvart.

Vidare peikar rapporten på nokre praktiske punkt knytt til prosessen fram til 2020, og integrering av det daglege næringsarbeidet. Dette er gjennomført så langt som det let seg gjere før det regionale potensialet er avklara, og den administrative organiseringa i nye Sogndal er avklara. I dei siste punkta peikar ein på nokre avklaringar som må takast fatt i no:

Punkt 5: *«Kommunane sine eigarpostar i Visit Sognefjord, Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og eventuelle andre utviklingsstrukturar, samt driftsmidlar til strukturane bør samordnast slik det samla verkemiddelapparatet til nye Sogndal kommune allereie frå 2018 går i takt og har påverknadskraft».*

Punkt 6: *«Næringsfond er det kraftigaste verkemiddelet til den nye kommunen, og ressursane til dette bør sikrast og utviklast fram mot 2020».*

Punkt 7: *«Det er viktig med eit godt organisert næringsliv som er tett på det kommunale næringsapparatet. Sogndal Næringsforening bør soleis stimulerast til å omfatta næringslivet i heile nye Sogndal kommune og bli ein viktig medspelar for det offentlege verkemiddelapparatet».*

Særleg arbeidet knytt til desse siste punkta står att, men i hovudsak er integreringa av det eksisterande næringsarbeidet mellom dei tre kommunane på plass. Rapporten inneheld mykje data og kunnskap som vil komme til god nytte i det vidare arbeidet.

Kjenneteikn for ein utviklingsorientert kommune

Distriktssenteret har sett nærare på kva som kjenneteikna ein utviklingsorientert kommune, og peikar i sin artikkel «Utviklingskapasitet» på nokre faktorar som kjenneteiknar stadar som lukkar med å skape ei positiv utvikling. I studien «Suksessrike distriktkommunar» kjem det fram at kulturen i distriktkommunar som lukkast med samfunnsutviklinga vert kjenneteikna av ein kommuneorganisasjon med mykje samarbeid, ekstern merksemd og entreprenørskap. For å kunne ta ei aktiv rolle i arbeidet med å skape ei slik utvikling, er det

avgjerande å kunne jobbe på mange frontar samstundes, ha god oversikt på tvers av nye og gamle siloar, og kunne handtere fleire aspekt av eit samla utviklingsarbeid. Ei rolledeling, med tydeleg definerte ansvarsområder slik som det er lagt opp til i administrativ organisering, vil gjere dette mogeleg.

Viktige strategiske satsingskandidatar

Nye Sogndal har gjennom ulike rapportar og dokument sagt noko om kva som er viktige kjenneteikn på godt utviklingsarbeid innanfor dei tre perspektiva næring, samfunn og tenesteproduksjon. I tabellen under er desse samla og delt opp i strategiske satsingskandidatar som ein i løpet av 2019 må avklare omfang og innhald av. I denne omgang er det viktigaste å avklare kva oppgåver Sogn Næring kan ta ansvar for, og kva oppgåver kommunen må ta ansvar for i sin organisasjon. I tillegg syner tabellen fire punkt der det kan vere hensiktsmessig å ha eit delt ansvar gjennom prosjektorganisering. Tabellen syner forslag til ansvarsdeling, men så godt som alle punkta krev aktiv samhandling mellom kommune og næringssselskap for å få best mogeleg resultat.

Tabell – strategiske satsingskandidatar for nye Sogndal kommune

Strategisk område	Ansvarleg
Knoppskyting frå eksisterande verksemder	Sogn Næring
Industri 4.0 (teknologi og digitalisering)	Sogn Næring
Bedriftsutvikling	Sogn Næring
Møtestadar og nettverk	Sogn Næring
Grundersatsing	Sogn Næring
Kapitaltilgang til næringslivet	Sogn Næring
Internasjonalisering	Sogn Næring
Forsking og utvikling	Sogn Næring
Kunnskap og kompetanseutvikling	Sogn Næring
Bygge og utvikle utviklingsmiljø	Sogn Næring
Samordning av utviklingsstrukturar i nye Sogndal	Sogn Næring
Folketalsutvikling / demografisk utvikling	Nye Sogndal
Klima og miljø	Nye Sogndal
Vertskapsrolla for offentlege arbeidsplassar	Nye Sogndal
Skule og utdanning	Nye Sogndal
Støtte og tilskotsordningar for frivillig og offentlig	Nye Sogndal
Natur og friluftsliv	Nye Sogndal
Gode offentlege planverk	Nye Sogndal
Trivsel og lokalsamfunn	Nye Sogndal
Kunst og kultur	Nye Sogndal
Gode offentlege tenester for næringslivet	Nye Sogndal
Frivillige lag og organisasjonar	Nye Sogndal
Besøksattraktivitet	Nye Sogndal
Infrastruktur	Nye Sogndal
Medverknad	Nye Sogndal
Serviceorienterte medarbeidarar	Nye Sogndal
Identitet og merkevare	Delt
Rekruttering	Delt

Akkvisisjon	Delt
Sterkere regionalt samarbeid	Delt

I tillegg til det som er framheva i denne tabellen vil nye Sogndal til ei kvar tid ha ei lang rekke fag- og sektorrelaterte utviklingsprosessar. Dette er ikkje teke med i denne samanhengen fordi det høyrer heime i kvar enkelt teneste. Ein kommunal utviklingskoordinator vil likevel vere til nytte for resten av organisasjonen i planlegging og gjennomføring ved behov.

Planverk

Dei tre kommunane har litt ulik bruk av planverk i dag. Sogndal og Leikanger kommunar tuftar sitt utviklingsarbeid på samfunns- og arealdelen i kommuneplanen. Sogndal har i tillegg ei 10-på-topp-liste over prioriterte investeringsprosjekt. I Balestrand har ein i tillegg ein strategisk temaplan for nærings- og samfunnsutviklingsarbeidet.

Eit kjenneteikn for kommunar som lukkast med å skape ei positiv utvikling er gode og relevante planar, som ikkje står i vegen for dynamisk utøving av utviklingsarbeidet. For dette området er det særleg viktig å peike på behovet for at nye Sogndal i løpet av 2019 får på plass ein god strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling. Planen skal ha eit tilhøyrande handlingsprogram der ein konkretiserer oppgåvene med innhald, framdrift, roller og ansvar.

Desse må utarbeidast saman med målgruppene i privat og frivillig sektor. Utgangspunktet for planen vil vere dei ovannemnde satsingskandidatane (strategiske satsingsområda) som er henta fram frå eksisterande kunnskapsgrunnlag jamfør tidlegare nemnde rapportar og studie. Desse vert då gjennom ein planprosess supplert, prioritert og konkretisert. Ein strategisk plan for nærings- og samfunnsutvikling vil vere eit viktig verktøy i arbeidet med å skape ein ny felles kommune som skal styrke og vidareutvikle dagens arbeid i dei tre eksisterande kommunane. I tillegg er den eit nyttig kommunikasjons- og prioriteringsverktøy når mange skal arbeide saman om å realisere innhaldet.

Prosess

Gjennom resten av 2019 må det settast av ressursar i Sogn Næring og nye Sogndal for å utarbeide gode beskrivingar at dei ulike strategiske satsingsområda som nye Sogndal skal arbeide med i åra som kjem. Dette arbeidet vil delvis gå parallelt med prosjektet «Næringsvenleg region», som nye Sogndal deltek i. Her vil ein i tillegg få høve til å drøfte kva kultur og haldningar som skal prege det samla utviklingsarbeidet, kva kompetanse det vert viktig å bygge opp og knyte til seg, og dei økonomiske rammene for arbeidet.

Vurdering:

Plattformdokumentet for nye Sogndal kommune strekar under at samfunns- og næringsutvikling skal vere eit kjenneteikn og viktig satsingsområde for den nye kommunen. Dette vil byggje vidare på eit svært solid utgangspunkt, der særleg Sogndal har hatt ei sterk utvikling i folketal og arbeidsplassar. Samstundes tek ein med seg kompetente nasjonale og regionale fagmiljø i Leikanger, og reiseliv, kultur og lokalsamfunnskompetanse i Balestrand. Til saman gjev dette eit utgangspunkt som plasserer den nye kommunen i front på sine områder i nye Vestland. I tillegg vil endringane opne moglegheiter for å kunne styrke og

utvide den positive utviklinga til nye områder, som tidlegare ikkje var mogeleg å realisere for kommunane kvar for seg.

Kvar står me i dag - SWOT

Det er utarbeidd ei enkel SWOT-analyse som syner nokre av dei kritisk viktige områda ein må ha fokus på i det vidare arbeidet:

Styrkar	Svakheiter
<ul style="list-style-type: none"> - Vekst i regionssenteret i Sogndal - Statlege og regionale kompetansearbeidsplassar i Leikanger og Sogndal - Velutvikla samfunnsutviklingsarbeid i Balestrand - Stor og veksande reiselivsnæring - Stor variasjon i arbeidsmarknaden - Kjent som ein god plass å bu (friluftsliv, fritidstilbod osv.) - Gode kommunale tenester på mange områder 	<ul style="list-style-type: none"> - Store geografiske avstandar - Små fagmiljø i fleire bransjar - Lite kjennskap på tvers av stadane i den nye kommunen - Avgrensa ressursar til å fylgje opp alle potensielle satsingar - Avgrensa kollektivtilbod (fly, buss, båt) - Infrastruktur – samferdsle
Mogelegheter	Truslar
<ul style="list-style-type: none"> - Bygge fleire og sterkare miljø på tvers av bransjar og sektorar - Skape felles identitet og merkevare for den nye kommunen og regionen - Ta i bruk meir teknologi og digitalisering i privat, frivillig og offentleg sektor - Sterkare samspel mellom utviklingsaktørar lokalt og regionalt - Ta posisjon som det fremste utviklingsmiljøet i Vestland utanfor Bergen 	<ul style="list-style-type: none"> - Usikkerheit knytt til nasjonale og regionale strukturar - Konkurransen vert hardare - Krev mykje ressursar å klare å følgje opp ei stor utviklingsportefølje - Samhandling og fellesskapstenking er krevjande i ei tid med mykje endring - Manglande forankring og legitimitet for arbeidet

Strategisk posisjon for nye Sogndal

Lista over strategiske satsingskandidatar syner ei stor portefølje av utviklingsaktivitetar i dag, og at potensialet for å ta nye steg i ny organisering er stort. I arbeidet med saka har næringsapparatet gjort ei vurdering av no-situasjonen for desse strategiske områda. For ein fullstendig oversikt, og meir utfyllande forklaring av kvart enkelt punkt vert det synt til vedlagt oversikt og vurdering av mogelege satsingsområder for nye Sogndal.

Næringsmedarbeidarane har også gjort ei enkel vurdering av desse områda basert på to faktorar:

1. Kor strategisk viktige ein vurderer dei å vere på ein skala frå 1 (mindre viktig) til 5 (svært viktig).
2. Kor god ressursmessig beredskap dei tre kommunane samla har i dag på ein skala frå 1 (liten ressurstilgang) til 5 (god ressurstilgang).

Dette er å oppfatta som ei næringsfagleg vurdering av stoda slik den er i dag. Ein vil gå grundigare inn i dette i det vidare arbeidet, men til saka er det ein nyttig illustrasjon på om dagens ressursbruk er tilstrekkeleg for å nå dei uttalte måla, og kva som er spesielt viktig å ha fokus på vidare. Det siste er illustrert ved å plukke ut dei områda der gapet er størst mellom viktigheit og beredskap. Dei områda som har fått verdien 3 eller høgre er å rekne som kritisk viktige å ha fokus på vidare:

Tema	Ansvar	Viktigheit	Beredskap	Gap
Identitet og merkevare	Delt	5	1	4
Knoppskyting frå eksisterande verksemder	Sogn Næring	4	1	3
Industri 4.0 (teknologi og digitalisering)	Sogn Næring	4	1	3
Bedriftsutvikling	Sogn Næring	5	2	3
Møtestadar og nettverk	Sogn Næring	5	2	3
Grundersatsing	Sogn Næring	5	2	3
Folketalsutvikling / demografisk utvikling	Nye Sogndal	5	2	3
Klima og miljø	Nye Sogndal	4	1	3
Vertskapsrolla for offentlege arbeidsplassar	Nye Sogndal	5	2	3
Rekruttering	Delt	5	2	3
Akkvisisjon	Delt	5	2	3

Nokre strukturelle føresetnadar som vil tene fleire av desse punkta er i ferd med å bli etablerte. Det viktigaste er arbeidet med å skape gode utviklingsmiljø i alle delar av den nye kommunen, der gründerar, eldsjeler og andre aktørar kan drive med nyskaping og samskaping. I Sogndal er dette etablert på Campus under namnet FUS, medan ein i Balestrand har etablert «Skaparstova», som også svarar på dette punktet i plattformdokumentet. Det er også starta tilsvarande prosessar for Leikanger og Kaupanger.

Det som hastar

Sjølv om det er viktig å få på plass gode strukturar og planar for det framtidige arbeidet, er det viktig at ein evnar å vere operativ undervegs. Difor legg ein opp til intensive prosessar rundt førebuingarbeidet, slik at alt vesentleg er avklara i løpet av 2019. Det krev at både Sogn Næring, nye Sogndal og dagens kommunar finn gode arbeidsformer og måtar å handtere behovet frå næringslivet, og prosjekt som krev rask respons. Det krev at Sogn Næring, Balestrand kommune sin nærings- og samfunnsutviklar og dei ansvarlege i nye Sogndal samarbeider tett, både på det praktiske arbeidet og for å løfte opp viktige prosjekt som ikkje kan og bør vente.

Vegen vidare

For å nå dei omtala måla for framdrift og innhald i tenestene, må nye Sogndal kommune og Sogn Næring straks legge ein plan for det vidare arbeidet, og starte dei naudsynte prosessane. For å få eit best mogeleg avstemt tilhøve mellom ressursbehov og økonomi, er det eit mål å ha gjennomført dei viktigaste avklaringane samstundes som gjennomføringa av

«næringsvenleg region», med førebelse konklusjonar på plass før sommaren. På den måten vil politisk og administrativ leiing få eit kvalitetssikra talgrunnlag i arbeidet med budsjettet for 2020. Det er naturleg at administrasjonen tek ansvar for å planlegge og gjennomføre dette arbeidet saman med Sogn Næring.

Styret i Sogn Næring har starta prosessen med å overføre den private eigarskapen i selskapet frå dei verksemdene som har eigarpostar i dag til eit samla næringsliv, gjennom ein næringsssamskipnad som representerer heile den nye kommunen. Dette vil styrke forankringa til selskapet i eit breiare lag av næringslivet. Det er administrasjonen si vurdering at dette er ei riktig endring, som nye Sogndal kommune stiller seg bak.

Det er viktig at ein i det vidare arbeidet inkluderer andre relevante aktørar i arbeidet, slik at prosessen og fangar opp og tek i vare deira interesse og utviklingsbehov som har potensiale for å kunne bli løyst i den same prosessen. Dette gjeld særleg Visit Sognefjord, men òg Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sognefjorden Næringshage som er tett kopla på dagens arbeid. Nye Sogndal vert ein viktig eigar og brukar av tenester frå desse selskapa, og må nytte høvet til å få på plass ein heilskapleg eigarskapspolitikk i dei selskapa ein har aksjepostar og driftsoverføringar i dag.

Oppsummert

Nye Sogndal har alle føresetnadar for å bli ein motor for vekst og utvikling i Sogn, og vertskap for sterke miljø i nye Vestland. Det vil krevje at ein klarar å vidareføre det som har vore sterke sider i alle dei tre kommunane, og lukkast med å forsterke og bygge vidare på dette. Det vil krevje at ein lukkast med å utvikle gode strategiar for utviklingsarbeidet i samspel med privat og frivillig sektor, og at ein evnar å realisere dei gjennom handling. Kunnskap, kultur og tillit vil vere grunnleggande verdiar i dette arbeidet.

Næringsmedarbeidarane er positivt utålmodige etter å kome i gang med det vidare arbeidet, og vurderer det korte tidsperspektivet som krevjande, men realistisk.

Det er også viktig at økonomien til dette arbeidet vert underbygd og avklara i god tid til dei planlagde budsjettprosessane. Utviklingsarbeid krev ressursar, og det mest kritisk viktige i det vidare arbeidet er å avstemme ambisjonane med kva ressursar som kan stillast til rådvelde frå nye Sogndal kommune. 2019 vil vere eit år prega av stor endring, og det er viktig at ein sikrar ei god tenesteleveranse innan nærings- og samfunnsutvikling samstundes som at ein planlegg for framtida. Gode og tydelege prosessar vil mogeleggjere dette på ein skikkeleg måte.

Saksh.: Stig Arne Thune
Arkivsak: 18/1986

Arkiv:

Saksnr.: Utval
14/19 Fellesnemnda

Møtedato
07.03.2019

Sak 14/19
Ekstra løyving for å utvikle Sogn som arbeidsplassregion

Tilråding:

Det vert sett av kr. 200.000 som ekstra løyving for å vidareutvikla Sogn som arbeidsplassregion.
Inndekking vert å finne av nye Sognal sitt budsjett.

Vedlegg:

Saksutgreiing:

Det er store endringar i offentleg forvaltning. I politisk plattform for Balestrand, Leikanger og Sogndal heiter det mellom anna at ein skal skapa vekst og utvikling i heile den nye kommunen, samt at ein skal arbeide for å leggje til rette for at dei etablerte verksemdene har rammer for å omstille seg og kunne ta til seg nye oppgåver. I dette ligg det at kommunen (nye Sogndal kommune) skal føra aktiv vertskommunepolitikk.

Kommunane Balestrand, Leikanger, Sogndal og Luster har ilag med Sogn Næring fått utarbeidd ein rapport for Nye Sogndal kommune, som vertskapskommune for offentlege arbeidsplassar (Flæte og Fondenes). I rapporten kjem det fram fleire drøftingar knytt til å sikre eksisterande arbeidsplassar, utvikla nye, ein ser på kor viktig samhandlinga mellom kommunen og offentlege verksemdar er, samt at ein får understreka kor viktig det er med mål og strategi for arbeidet. Rapporten sler fast at kommunen har særleg gode føresetnader for lokalisering av fylkeskommunale og statlege arbeidsplassar, med komplementær kompetanse og stor tiltrekkingskraft.

Ein veit no at Statens vegvesen er i endring, og Samferdselsdepartementet har pålagt Statens vegvesen ei omorganisering. Vidare skal Statens vegvesen kutta kostnader med over kroner 1,7 milliardar innan 2023 (Firda 2019). Me ser og at fylkeskommunen er i samanslåingsprosess, og allereie har Fylkesmannen for nye Vestland etablert seg.

Vurdering

Nye Sogndal må nytta ressursar for å behalde, utvikla og etablere nye arbeidsplassar. Ein har fleire interne ressursar i kommunane som prosjektrådmannen føreset kan bidra administrativt.

Prosjektrådmannen føreset at Sogn næring kan søkja midlar frå Sogn regionråd (då dette gjeld heile regionen).

Budsjettet for Nye Sogndal er hardt pressa. Dette er eit tilleggstiltak etter at budsjett er vedteke. Likevel tilrår prosjektrådmann at det for 2019 vert innvilga kroner 200.000 av Fellesnemnda til arbeidet for å vidareutvikla Sogndal som vertskommune for offentlege arbeidsplassar. Dette handlar om både å behalde, vidareutvikle og etablere nye arbeidsplassar. For 2020 må ein kome attende til dette i budsjettprosess. Det er og

føresetnad at bruk av midlar gjev resultat, som Sogn næring pliktar å rapportere tilbake til Fellesnemnda om.

01.03.2019

Stig Arne Thune
-prosjektrådmann-

Saksh.: Maj Britt Brendstuen
Arkivsak: 19/786

Arkiv:

Saksnr.: Utval
15/19 Fellesnemnda

Møtedato
07.03.2019

Sak 15/19
Politisk arbeidsgruppe - Økonomi og budsjettprosess

Tilråding:

Politisk arbeidsgruppe for økonomi og budsjettprosess vert:

- ...
- ...
- ...
- ...
- ...

Leiar:

Vedlegg:

Saksutgreiing:

Det vert sett ned ei politisk referansegruppe for prosjektrådmann som kan vere med på å sjå på økonomiplan og budsjettarbeid.

Grappa vil og kunne sjå på avgiftsrelaterte tilhøve (avgiftshete, gebyr-nivå m.m.).
Prosjektrådmann stiller naudsynt administrativ bistand til disposisjon for arbeidsgruppa.

Jarle Aarvoll
-leiar fellesnemnda-

Saksh.: Maj Britt Brendstuen
Arkivsak: 19/27

Arkiv:

Saksnr.: Utval
16/19 Fellesnemnda

Møtedato
07.03.2019

Sak 16/19
Skriv, meldingar, referat og drøftingssaker - Fellesnemnda 2019

A. Skriv og meldingar:

1. Oppmoding om renovering eller bygging av basseng på Leikanger, Sogndal og Leikanger Revmatikarforeining (arkivsak 19/767)

B. Eventuelle orienteringar ved ordførarar:

C. Prosjektrådmann

1. Orientering om budsjettprosess i Balestrand - Leikanger og Sogndal (arkivsak 19/771)

D. Leiar i fellesnemnda:

1. Møte med stortingsbenken vedr. Statens vegvesen
2. Møte med samferdsleministeren vedr. Statens vegvesen og Rv5 m.m.
3. Fellessamling regionråda i Førde og på Voss
4. Møte med Avinor, Widerøe m.m.
5. Politiske arbeidsgrupper

E. Drøftingar

Vedlegg:

A.1, C.1